



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr.8

Desember 1976

30. årg.

I djupaste myrker vart himmelen klår

Slik syng salmediktaren i sin vakre julesalme, «No koma Guds englar med helsing i sky, Guds fred og velsigning dei bjoda».

Jo mørkare ein bakgrunn er, di meir tydeleg er ljoset. I mørket kan eit lite ljos bli sett på lang avstand, og jo større ljoset er, di lengre utover er det synleg.

Bakgrunnen for Juleevangeliet er mørk. — Ei menneskeslekt utesengd frå Gud, utesengd frå Guds Paradis. Englar med logande sverd stengde vegen tilbake. «Og Herren såg at vondskapen var stor hjå manneætti på jordi, og at alt dei tenkte og emna på i hjarto sine, var berre vondt all dagen.» — «Me levde i vondskap og ovund, me vart hata, og hata kvar andre.» — «Det finst ingen rettferdig, ikkje ein einaste ein». — «Alle er avvikne, dei er ugudelege vortne alle i hop. Det finst ikkje nokon som gjer

godt, det finst ikkje ein einaste ein», — «Alle hev synda, og ventar æra for Gud».

Slik talar Guds ord om det faldne mennesket. Det er hard tale, kven kan høyre den? Mange har protestert mot ein slik attest. Mennesket er vel kome lengre idag —?

Ja er det det? Kor langt er so mennesket kome idag? Eit par sanningar frå vår tid, kan vel svare på det. — Aldri i nokon slektledd, har so mange menneskeliv gått tapt i krig og revolusjoñ. Og, aldri i noko århundrad har det vore so mange martyrar som i det 20 århundrad, — som i dette vårt århundrad!

Men det kan vel ikkje vera so gale, det er då ikkje slik hjå oss. Det er sant, me har vore sparde for mykje naud og lidning som andre folk har hatt, eller står midt oppe i. Men dette er ein ufortent nåde frå Gud.

Mot denne mørke bakgrunnen lyser Juleevangeliet som ei klår lysande stjerna. Ein Frelsar er fødd, ein Frelsar for oss syndige mennesker. Ikkje ein ny lærar bare, ein filosof eller ein statsmann som kanskje er betre enn dei mange som har prøvt seg før. Nei, ein Frelsar er fødd! Ein Frelsar for alle fortapte. Til eigenrettferdige farisearar som såg ned på alle andre, sa han: «Eg er ikkje komen for å kalla rettferdige, men syndarar.» Og då han vart kritisert fordi han var saman med slike som dei tykte var ekstra därlege mennesker, sa han: «Det er ikkje dei friske som treng til lækjar, men dei som hev vondt.» Jesu Kristi Guds Sons blod reinsar fra all synd! Dette er den glade julebodskapen som lyser mot den mørke bakgrunnen. Ein Frelsar vart fødd julenatt. Men Han lever i dag, og kallar på oss alle. Han vil ikkje lata oss vera att som foreldrelause born, Han kjem til oss. Og til alle som opnar sitt hjarta for han, går han inn med all sin nåde og fred.

Ljoset frå Juleevangeliet skin idag utover alle landegrenser. Det kastar sine strålar utover til alle folk som sit i mørke og dødskulge. Det blir lese og forkjent på fleire hundrad ulike språk. Glade barnestemmer syng det ut på sitt eige tungemål, gamle mennesker med brostne stemmer, follar sine hender og takkar Gud, som let ljoset frå Juleevangeliet skina inn, også i deira, ofte tunge og triste liv.

Ein Frelsar er fødd! — La denne sanninga få syngja i våre hjarto i denne Juleheng!

Velsigna Julehøgtid!

Lars Bjørsvik.

— «fordi du ikke trodde mine ord» —

I Lukas 1,5-23 leser vi den vakre beretning om da engelen Gabriel åpenbarte seg for presten Zakarias i templet. Det er som vi ser det hele for oss. Presten foran alteret i sin presteskrud (beskrevet i Mosebøkene), og alt folket som stod og bad utenfor. Så står pludsleg engelen der. Han har et viktig budskap fra Gud. «Frykt ikke», sier engelen da han ser hvor forferdet Zakarias blir. Og så bringer han fram sitt budskap. Zakarias hører etter, men så kommer alle de menneskelige innvendinger inn. Alt synes så umulig. Han forklarer også dette for engelen, og synes vel selv at det er svært fornuftig. Da presenterer engelen sig ennu tydeligere. «Jeg er Gabriel som står for Guds åsyn — og jeg er utsendt for å tale til deg og forkynne dig dette glade budskap, og se du skal bli målløs og ikke kunne tale før den dag da dette skjer, fordi du ikke trodde mine ord som skal fullbyrdes i sin tid —».

«— fordi du ikke trodde mine ord som skal fullbyrdes i sin tid.» Ordene fester seg hos oss. Tror vi Guds ord? Det himmelske budskap om at en Frelser er født, en frelsar som skal vederlæres alt folket — lyder for oss igjen og igjen. Lykkelige er vi om vi tar imot budskapet uten våre menneskelige innvendinger. Gud er Gud om alle land lå øde. Gud er Gud om alle mann var døde —».

Gunvor Bjørsvik.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam
Medarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.
Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.
Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

Dale Kyrkje 20 år

Sekstande desember er det 20 år sidan Dale Kyrkje vart vigsla, og teke i bruk. I 20 år har det vakre slanke tårnet på kyrkja tala sitt stille språk, om å lyfta sinn og tanke oppover, mot Gud i det høge. I 20 år har klare malmtunge klokketonar loma mellom fjella på Dale og kalla folket, gamal og ung til Herrens hus. Kyrkje vart vigsla av biskop Ragnvald Indrebø, like før Jul for 20 år sidan.

Kyrkja er mykje vakker og stilrein. Ho er teikna av arkitekt Arneberg. Hugo Lous Mohr har teikna altarbiletet, som i friske fargar fyller heile veggen bak altaret. Det framstillar Jesus innstiftar nattverden. Orgelet med 36 stemmer, 40 register og i alt 2.500 piper, er levert av Norsk Orgel-Harmonium Fabrikk A/S. Det er eit mykje vakkert og godt instrument.

Mange offentlege og private verksamrar og einskild personar har vore med, ved sida av Vaksdal Kommune, og bygd kyrkje so romsleg og vakker som ho stod ved vigslingshøgtida i 1956. Dale Fabrikker A/S gav fri grunn ferdig opparbeid, pengar til kyrkjeportalen og bronsedørene med

granitt relief over inngangen, m.m. Prekestolen er ei heil preik for seg sjølv. Utskjerdingane viser såmannen som sår den gyldne sed, som er Guds ord, til brurmøyar, fem med tente lampar og fem sløkte lampar. Den er ei gåva frå Bergens Kommunale Kraftverk og Kyrkjeforeininga. Kyrkjeforeininga har også gjeve lysekrunor, alterutstyr m.m. Foreininga har og seinare gjennom åra gjeve vakre og mykje tenlege gåvor til kyrkja. I år har kyrkjeforeininga teke eit godt lyft med innsamlinga til bygging av kyrkjesalen ved Dale Kyrkja.

Dale Kyrkja er ljos og romeleg med plass til 600.

Må den vakre Dale Kyrkja få ein stor plass i hjarto hjå folket på Dale, og bli til signing for mange. Her vert små barn borne inn og vigsla til Gud i døpen, Her møter konfirmanten til forbøn og velsigning ved inngangen til ungdomsåra, Framfor altaret her, møter brudepar og lovar kvarandre truskap inntil døden. Her frå kyrkja blir mange — både unge og eldre — omgitt av syrgjande slekt og vener, førd i eit stille tog til den siste kvilestad på jord.

Og sist, men ikkje minst, her i kyrkja vert Guds ord forkynt, til frelse og fred med Gud — for alle som vil høyra. «Ordet om Korset er vel dårskap for dei som vert fortapte, men for oss som vert freste, er det ei Guds kraft.»

VELKOMEN TIL DALE KYRKJE!

L. Bj.

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET
Avd. 15 — 5296 EKSINGEDEALEN

På sangens vinger

Det er ikke Mendelssohn's herlige musikkstykke jeg tenker på, enda det er noe av det fineste jeg hører i toner. Det er den spontane sang fra et hjerte som fryder seg i sin Gud, slik Maria Jesu mør sier det i sin lovsang.

Lina Sandell ber i en av sine sanger: «Herre lat ingen ting vengene blinda, lær meg å bruke den gāva du gav, Så gjennom trengsla eg heimveg kan finna, Syngjande stiga frā død og frā grav.» Vi høyrer så meget skolert sang av høy kvalitet, og våre tekniske hjelpemedler gir lett adgang til samme, ja så lett at sang og spill selv førstummer i konkurransen. Vår egen røst blir så spinkel, synes vi. Allikevel er det din og min stemme Herren lytter etter. Å du forunderlige Gud!. Han lengter etter å høre akkurat din stemme i det store lovsangskoret, om frelsen full og fri.

Mens jeg er inne i disse tankebaner, vil jeg si så varmt jeg kan: Sely den beste radio-andakt kan aldri erstatte ditt lønnkommer —. Ditt personlige lønnkammer hvor du øser ut ditt hjerte for ham, for ham som kjenner deg bedre enn noe annet menneske, for ham som både kan og vil hjelpe.

Johanne B. Helle.

Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam
Telefon Dalekvam 2261
Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

Kom og ver med!

Og reis kyrkjessalen ved Dale Kyrkje.

Innsamling 1976:

Julekonserten 1975	Kr.1.302
Basar i Hjertaas hus	» 7.169
Utlodding, ein brodert bunad	» 8.000
Gåver ved Soknepresten	» 10.200

Ialt Kr. 26.671

Nye gåvor kan gjevast til Soknepresten, eller setjast inn på konto 20 23812 i Bruvik Sparebank.

Hjarteleg takk til alle glade gjevarar!

VED JULEKONSERTER og 20 årsdagen for vigsling av Dale Kyrkje, er det offer til Kyrkjessalen. *Velkommen!*

Kyrkjeblad for Vaksdal

Innkommne bladpengar juni-novbr.

Margit Helle, Vaksdal	kr. 70,00
Anders Øye, Stamnes	» 180,00
Ingrid Kallestad, Stamnes	» 340,00
Margit Kvamme, Stamnes	» 120,00
Laura Dale, Dale	» 120,00
Eksingedalen sokneråd	» 300,00
Arthur Jakobsen, Eidsland	» 320,00
Normann Buvik, Stanghelle	» 520,00
Vaksdal sokneråd	» 1645,00
Bladpengar Stamnehella	» 205,00
Direkte til kasseraren	» 120,00

Det er framleis ein del som ikkje har betalt bladpengane for 1976. Der som det ikkje kjem nokon rundt for å samla inn, kan tingarane sjølv senda pengane til Kyrkjeblad for Vaksdal, 5297 Gammervik, postgiro 7 23 47. Blandpengane er kr. 10,—.

Kasseraren.

Ungdomssamlinga i Kroken

Laurdag 27. nov. var det ungdomssamling i Kroken i Samnanger. Frå Vaksdal var det over hundre i alt, og folket i Samnanger fylte resten av den store salen. Det var verkeleg ei oppleving å høyra dei unge syngja, og dei song med glede. Innhaldet i songane hadde ein klar bodskap. Framføringa var ved: Samnanger ungdomskor, Stamnes ungdomskor og Vaksdal ungdomskor. Vidare var det skriftlesing og vitnemål av songarane, appellar av prestan Hegghheim og Steinnes. Til slutt samlast alle kora fråmme og song: Låt oss alla engång møtast.

Moderne musikk og song med ymse instrument. Formene har skifte gjenom tidene, men innhaldet er det same.

Vaksdal den 28/11 1976

Oddvar Herfindal

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Jan Frode Mellesdal, fødd 1. august 1976, døypt 7. november.

Hilda Lid, fødd 24. august 1976, døypt 7. november.

Eve Simmenes, fødd 1. september 1976, døypt 21. november.

Hilde-Kristin Norddal, fødd 15. september 1976, døypt 21. november.

Lena Langhelle Sellevold, fødd 17. august 1976, døypt 21. november.

STAMNES:

Bjarte Myster, fødd 11. august 1976, døypt 14. november.

Maria Stamnes fødd 23. oktober 1976, døypt 21. november.

VIGDE:

VAKSDAL:
Ivar Erstad og Merdis Måge, vigde 27. november 1976.

STAMNES:
Gunnar Tore Balland og Laila Langeland, vigde 13. november.
Rolf Arne Bosåen og Ingunn Aas, vigde 4. desember 1976.

AVLIDNE:

DALE:
Johan Tveiten, fødd 23. nov. 1893, døydde 15. nov. 1976, gravlagd 20. nov.
Olai Dale fødd 17. febr. 1893, døydde 19. nov. 1976, gravlagd 25. nov.

Målfrid Rene, fødd 19. jan. 1933, døydde 20. nov. 1976, gravlagd på Stanghelle 27. nov.

VAKSDAL:
Marie Boge, fødd 7. juli 1892, døydde 7. nov. 1976, gravlagd 13. nov.

Margit Frotveit, fødd 1. juli 1900, døydde 17. nov. 1976, gravlagd 24. nov.

STAMNES:
Svenn Tore Johnsen, fødd 23. okt. 1976, døydde 18. november 1976, gravlagd 26. nov.

EIDSLANDET:
Kaia Hjørdis Elisabeth Eikefet, fødd 14. juli 1901, døydde 13. nov. 1976, gravlagd 20. nov.

Hausvik og Faugstad %

Vaksdal

Telefon 3603.

Stormøtet seumaren 1977:

Norske kyrkjedagar

Ingen veit ennå kor mange som blir med på NORSKE KYRKJEDAGAR -77 men alt tyder på at det blir den store hendinga i norsk kristenliv til neste år.

Kyrkjedagane går føre seg i Trondheim 10. — 14. august. Alle som veit seg heime i det mangfelte kyrje- og organisasjonslivet i Den norske kyrkja er velkomne til å bli med. Og dei som melder seg på, kan bu seg på rike dagar. For Kyrkjedagane vil bli ei ny og forvitneleg oppleving, som vil gi kvar og ein noko å ta med seg heim.

To raude trådar vil gå gjennom programmet: «Bibelen utfordrar» og «Trua rustar ut», ei rad med bibeltimar og foredrag som skal hjelpe til med å klargjera korleis den kristne trua ter seg i møte med livet.

Det blir ikkje berre storsamlingar, men jamvel «verkstader» for song, musikk, forming, dramatikk osv., i seksjonar for drøfting av arbeidsformer, i samtaleforum for aktuelle spørsmål.

Ei mengd med opne program vil møta kyrkjedagsfolk — Kyrkjetoget har utstillingar, sal, servering, og det blir film, konserter, sightseeing, sentrer for samtale og sjelesorg, spesielle gudstenester, trim, stutt sagt alt ein kan venta å finna i eit levande kristent miljø.

Mottoet for Kyrkjedagane er «Til tru og liv», og det seier greit og klårt kva ein vil med å invitera til ei slik storsamling: at trua skal bli sterkare og livet meir levande mellom kristne i Noreg.

Gledeleg jul

Me vil få senda alle born og foreldre vårt indelege ynskje om ei rik velsigna Julehelg. Og me oppmodar alle om å gjeva Jesusbarnet plass i hjarta og heim. «Slipp Julens Fyrste inn!»

Då vert det i sanning Julefest.

Hjarteleg helsing
Dale Søndagsskule

Prest utan krage?

Svart kjole og kvit pipekrage rundt halsen, slik er vi vande med å sjå presten. Men det er ikkje heilt visst at vi alltid skal sjå han slik. I nokre år har Presteforeningen arbeidt med framlegg til ein ny prestebunad. Eit par modellar er godkjende til bruk i ein prøveperiode.

Snart vil prestar i ca. femti kyrkjelydar rundt i landet nyta ei ny drakt, ei kvit kappe som er lettare og meir praktisk enn den tradisjonelle prestekjolen.

Og så får vi sjå korleis den nye prestedrakta slår an.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co
Tlf. 2193 — Dalekvam

Stamnes Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Kristi Openberringssøndag, 2. januar:

Dale Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Vaksdal Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

1. søndag etter Kristi Openberring, 9. januar:
Eidslandet Kapell. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Nesheim Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

2. søndag etter Kristi Openberring, 16. jan.:
Dale Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Vaksdal Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

3. søndag etter Kristi Openberring, 23. jan.:
Stamnes Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.
Eksingedalen Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

4. søndag etter Kristi Openberring, 30. jan.:
Dale Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Vaksdal Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Familiegudsteneste.

Søndag, Septuagesima, 6. februar:

Bergsdalen Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste.

Eidslandet Kapell. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

Søndag, Sexagesima, 13. februar:

Dale Kyrkje. Kl. 11.00. Familiegudsteneste. Sokneprest Bjørsvik.

Vaksdal Kyrkje. Kl. 18.00. Kveldsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik.

Eksingedalen. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Leir. Ungdomsgudsteneste.

Sjå og kunngjering i lokalblada.

«MEN ALLE DEI SOM TOK IMOT
HAN DEI GAV HAN RETT TIL A
BLI GUDS BORN, DEI SOM TRUR
PA HANS NAMN.»

Johs. 1:12.

Velkommen til Kyrkja

Julaftan, 24. desember:

Dale Kyrkje. Kl. 15.00 og kl. 16.00. Barnegudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Kollekt til søndagsskulearbeidet.

Stamnes Kyrkje. Kl. 14.00. Barnegudsteneste. Res. kap. Steinnes. Kollekt til søndagsskulearbeidet.

Vaksdal Kyrkje. Kl. 16.00. Barnegudsteneste. Res. kap. Steinnes. Kollekt til søndagsskulen.

1. Juledag, 25. desember:

Dale Kyrkje. Kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Dale Mannskor syng. Offer til Menighetsfakultetet.

Vaksdal Kyrkje. Kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Res. kap. Steinnes. Song av Vaksdal Kyrkje-kor. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

2. Juledag, 26. desember:

Stamnes Kyrkje. Kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Offer.

Eksingedalen Kyrkje. Kl. 16.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Offer.

Bergsdalen Kyrkje. Kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Høgtidsgudsteneste. Offer til Menighetsfakultetet.

Eidslandet Kapell. Kl. 17.00. Høgtidsgudsteneste. Res. kap. Steinnes. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

31. desember, Midnattsgudsteneste:

Dale Kyrkje. Kl. 23.00. Sokneprest Bjørsvik. Vaksdal Kyrkje. Kl. 23.00. Res. kap. Steinnes.

Nyårsdag, 1. januar 1977:

Bergsdalen Kyrkje. Kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Gledeleg jul

Til store og små, i alle heimar i
Vaksdal vidstrakte Prestegjeld!

KYRKJEBLADET.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag, Tysdag, Onsdag og Fredag ... 8.30 15.00
Torsdag ... 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605
Tysdag og Fredag 8.30 15.00
Torsdag ... 10.00 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a
Måndag fra kl. 9.30 til kl. 14.30

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

Dale Handelsforening
Dalekvam

**TOMAS UTSKOTTIS
SKOFORRETNING**

Dalekvam

RADIOSPECIALEN *A/S*

Tlf. 2240 DALKEVAM
R A D I O — T V
Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN *A/S*

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arth. og Arne Vaksdal

HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Vaksdal koop. Handelslag

V A K S D A L

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

Kjøp i Dykkar eigen forretning